



Til valstyret

Kongsvinger, 08.09.2017  
Dykkar ref.: , Vår ref.: Jnr. 17/1259  
Sakshandsamar: Tove Bergseteren  
**Seksjon for befolkningsstatistikk**

## **Stortingsvalet 2017. Valdeltaking**

I samband med valet i 2017 gjer Statistisk sentralbyrå, som ved tidlegare val, utvalsundersøkingar blant manntalet for å lage statistikk over valdeltaking etter kjennemerke som kjønn, alder, utdanning, bustad og innvandrarbakgrunn. SSB vil publisere detaljert statistikk over valdeltaking etter fleire kjennemerke på [ssb.no](http://ssb.no) i 2017 og 2018, og seinare vil blant anna forskarar på Valforskningsprogrammet ved Institutt for samfunnsforskning kunne bruke aidentifiserte datafiler.

For å få eit fullstendig oversyn over valdeltakinga til personane i utvala, ber vi om hjelp frå dei lokale valstyra.

Vedlagd fylgjer ei liste med opplysningar om dei personane som er trekt ut i dykkar kommune. Vi ber om å få registrert om desse har røysta eller ikkje.

Dette ynskjer me gjort på fylgjande måte:

- Sjekk i manntalet om personane på lista har røysta.
- Har personen røysta, sett kryss i ruta som er markert på namnelista.
- Har personen ikkje røysta, men står i manntalet, sett ein vassrett strek.
- Dersom ein ikkje finn vedkomande i manntalet, skriv "ikkje i manntalet" på lista.

Listene er sortert etter røystekrins. Vi har ført opp røystekrinsen og adressa som personen skal stå med i manntalet, men det kan finnast feil. Dersom ein person ikkje vert funne i den røystekrinsen som vi har ført opp, undersøk då om vedkomande står i ein av dei andre krinsane.

Desse opplysningane vert henta inn med heimel i statistikklova § 2-2, jj. § 15-3 i vallova. Statistisk sentralbyrå vil understreke at lista inneheld fødselsnummer, og at den difor må handsamas fortruleg og ikkje koma i henda på uvedkomande. Lista må sendast attende i posten, e-post må ikkje nyttast.

Skriv namnet og telefonnummeret til den som fyller ut lista.

Me ber om at lista vert returnert i utfylt stand så snøgt som råd er etter valet. Innsendingsfrist er **1. oktober**.


Adressa er:

Statistisk sentralbyrå,  
Seksjon for befolkningsstatistikk,  
2225 Kongsvinger.

Spørsmål kan rettast til sakshandsamar.

Vi takker på førehand for hjelpa.

Med venleg helsing

  
Paul Inge Severeide  
Seksjonssjef



Tove Bergseteren  
Rådgevar  
tlf. dir: 62 88 52 82

e-post: [tov@ssb.no](mailto:tov@ssb.no)

vedlegg